

EKSAMEN I FAG 715 15

STATISTISK MEKANIKK

(ved Lærarhøgskolen Statistisk mekanikk F 113)

Måndag 21. januar 1985

kl. 0900 - 1500

Tillatne hjelpe middel: Kalkulator

K. Rottmann: Matematische Formelsammlung

Fagleg kontakt: K. Budal, tlf. 3455

Oppgåve 1

Sannsynlighetsfordelinga for eit kanonisk ensemble av identiske klassiske partiklar er

$$\rho(q, p) = \frac{1}{N! h^{3N}} \exp\left(-\frac{F - H(\vec{r}_1, \dots, \vec{r}_N, \vec{p}_1, \dots, \vec{p}_N)}{kT}\right)$$

- a) Identifiser alle storleikane som inngår i uttrykket for ρ .
- b) Finn eit uttrykk for partisjonsfunksjonen $Z = \exp(-F/kT)$ på integralform.
- c) Vis at når N er stor, kan F for ein ideell, einatomig gass, skrivast:

$$F = -NkT \ln \left[\frac{V}{N} \left(\frac{2\pi m k T}{h^2} \right)^{3/2} e \right],$$

der m er partikkelmassen.

d) Vis at den indre energien U kan skrivast:

$$U = kT^2 \frac{\partial}{\partial T} \ln Z$$

Finn U og C_V for ein ideell, einatomig gass.

e) Vis at trykket p kan skrivast:

$$p = - \left(\frac{\partial F}{\partial V} \right)_T .$$

Bruk dette uttrykket til å finna tilstandslikninga for ein ideell, einatomig gass.

f) Finn entropien S , uttrykt ved ein partiellderivert av F .
Finn S for ein ideell, einatomig gass.

Oppgitt:

1) $\int_{-\infty}^{\infty} e^{-\alpha x^2} dx = \sqrt{\pi/\alpha}$

2) Stirlings formel

$$N! \approx N^N e^{-N} \sqrt{2\pi N} \left(1 + O\left(\frac{1}{N}\right)\right)$$

3) $F = U - TS$

4) $Tds = dU + pdV$

Oppgåve 2

- a) Skisser kvalitativt korleis varmekapasiteten C_V til ein gass av diatomiske molekyl varierer med temperaturen. Gjer kort greie for dei ulike bidraga til C_V .

Kvifor observerer ein bidrag til C_V berre frå to rotasjonsretningars? Kvifor ikkje frå alle tre retningane?

- b) Tre ulike gassar av diatomiske XY - molekyl har følgjande molekulære samansetningar:

$$\text{i)} X = Y = \frac{12}{6}C, \text{ kjernespinn: } S_X = S_Y = 0$$

$$\text{ii)} X = \frac{12}{6}C, Y = \frac{13}{6}C, \text{ kjernespinn: } S_X = 0, S_Y = \frac{1}{2}$$

$$\text{iii)} X = Y = \frac{13}{6}C, \text{ kjernespinn: } S_X = S_Y = \frac{1}{2}$$

Kva slag spektroskopiske hovudskilnader er det på gassane?

Oppgitt:

$$E_\ell = \frac{\hbar^2}{2I} \ell(\ell+1)$$

Oppgåve 3

I eit eindimensjonalt elektron-system av ikkje-vekselverkande partiklar, er antal einpartikkelnivå per energieining lik $(l/h) \sqrt{2m/\epsilon}$, der l er lengda av systemet, h er Plancks konstant, m er elektronmassen, og ϵ er elektronenergien. I kvart nivå kan det vera to elektron. Systemet kan utveksla partiklar med eit partikelreservoar. I middel er det $\langle N \rangle$ elektron i systemet.

- a) Finn Fermienergien $\epsilon_F = \mu(0)$ til systemet, uttrykt ved $\langle N \rangle$, l , h og m .
- b) Finn middelenergien til elektrona i systemet ved $T = 0$, uttrykt ved ϵ_F .

Oppgitt:

- 1) Det middels besettelsestalet for tilstand nr. k for Fermion , er

$$\langle n_k \rangle = \frac{1}{e^{\beta(\varepsilon_k - \mu)} + 1},$$

$$\text{der } \beta = \frac{1}{kT} .$$

2) $\int_0^\infty \frac{x^n dx}{e^{x-\beta\mu} + 1} \rightarrow \frac{(\beta\mu)^{n+1}}{n+1}$ når $T \rightarrow 0$.